



UNIVERSITETET I OSLO
DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Årsrapport

2003

Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Universitetet i Oslo

Godkjent av fakultetstyret 2. april 2004



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

ÅRSRAPPORT 2003. DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

INNHALD:

Refleksjonar frå Dekan	3
Utdanning	3
Forsking	4
Forskarutdanning	5
Formidling	6
Organisasjon	6
Areal	7
Styre og leiing ved fakultetet	7
Medlemmer av fakultetsstyret 20 03	8
Vedlegg - Hovudtal	
Oversikt over doktoravhandlingane 2003	10
Studiepoengsproduksjon i 2003	13
Kandidatar som har stått til eksamen	13
Hovudtal i fakultetsrekneskapen	13
Talet på årsverk ved SV-fakultetet i 2003	15



REFLEKSJONAR FRÅ DEKAN

Etter ein intensiv planleggingsperioden frå hausten 2001 var 2003 året for gjennomføringa av den store studiereforma. For SV-fakultetet kan vi no konstatere at reforma så langt har vore ein suksess. Den første indikasjonen på suksess kom da vi på vårparten fekk vite at talet på primær søkerar til fakultetet gjekk opp med 75 prosent. Dei nye programma hadde tydelegvis god appell til potensielle studentar! Opptakskrava til mange av programma blei da også svært høge, og alle program blei sterkt overteikna. Gjennom haustsemesteret var det lett å registrere at studentane på lågare grad la inn ein langt større innsats enn før. Når no året er omme, kan vi konstatere at dei nye studentane gjennomgåande har hatt god studieprogresjon og at studiepoengsproduksjonen auka med 25 prosent.

Suksessen har kosta. Heile året har vore ein einaste stor dugnad. Dei tilsette har gjort ein innsats langt ut over det vi normalt kan venta. Det gjeld både vitenskapleg og administrativt personale. Ikkje alt var like godt planlagt og det har vore nødvendig å løysa mange problem undervegs. Både tilsette og studentar har møtt utfordringane med imponerende godt humør. Mange var slitne ved utgangen av året, men viljen til å stå på vidare er stor.

Innsatsen for studiereforma har gått ut over forskinga. Det er for tidleg å seia i kor stor grad. Ein god del arbeid står att før studiereforma er fullført. Men eit godt universitet kan ikkje slappa av når det gjeld forskning. Å skapa tid og rom for forskning vil vera ei hovudsak framover.

UTDANNING

SV-fakultetets programportefølje ved innføringa av reforma

I august 2003 gjekk fakultetet, som resten av UiO, i gang med nye studieprogram i samhøve med det nye gradssystemet. Ved semesterstart 2003 inneheldt portefølja 3 årseiningar, 11 bachelorprogram, 9 masterprogram og 2 profesjonsstudie.

Mange av programma byggjer på, og er ei vidareføring av, dei tradisjonelle faga ved fakultetet. Fakultetet har òg starta nye tilbod både på lågare og høgare grad. På lågare grad er det oppretta årseiningar i psykologi, etnisitet og fleirkulturelle samfunn, utvikling og miljø. I tillegg er det etablert fem nye tverrfaglege og til dels også tverrfakultære bachelorprogram. Desse er bachelorprogram i internasjonale studiar, europastudiar, kultur og kommunikasjon, offentleg administrasjon og leiing, og utviklingsstudiar. Dei tverrfaglege bachelorprogramma har eigne avslutnings- og/eller innføringsemner, men er elles sett saman av emne frå dei tradisjonelle disiplinane. Alle dei tverrfaglege bachelorprogramma kan kvalifisera for opptak til eit disiplinært masterprogram ved fakultetet. Det er også etablert eit nytt tverrfagleg masterstudium i "Peace and conflict studies". Det blei lagt ned ein ekstraordinær innsats både frå fagleg og administrativ side fram mot innføringa av reforma, for å få denne i hamn innan 1. august 2003.



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Positive søkjartal for SV

Medan UiO blei vinnaren blant universitet og høgskular i talet på søkjarar til studieåret 2003/2004, fekk SV-fakultetet dei høgaste søkjartala blant fakulteta ved UiO. Fakultetet opplevde ei auke i talet på primærsøkjarar på 74,6 prosent frå sist år. Det var heile 4564 søkjarar som hadde eit av SV-faga som sin fyrsteprioritet. Spesielt hyggjeleg var det at dei nye tverrfaglege studieprogramma appellerte til så mange. Hyggjeleg var det og at samfunnsøkonomi hadde mange søkjarar til sine program etter å ha opplevd nedgong dei siste åra. På fleire program førte den store auka til høge opptakskrav, noko som igjen har ført til ein betra studieprogresjon. Det vart produsert 32 prosent fleire studiepoeng hausten 2003 enn året før, trass i lita auke i talet på studentar.

Læringsmiljøprisen til Prosjektforum

I 2003 vart universitetet sin pris for godt læringsmiljø delt ut til studiet i organisasjon og leiing ved Senter for teknologi, innovasjon og kultur, "Prosjektforum". I grunngjevinga for tildelinga vert det peika på at Prosjektforum representerer eit viktig bindeledd mellom universitetet og arbeidslivet, og at det er etablert eit godt læringsmiljø der studentane opplever at dei utviklar og har kompetanse med relevans for arbeidslivet. Gjennom prisen har Prosjektforum fått lovord for at dei har lukkast i å leggja forholda spesielt godt til rette for studentane si læring gjennom medviten fagleg og pedagogisk innsats.

FORSKING

Satsingsområde i 2003 – aktiv deltaking i HUMSAM-satsingane

Våren 2003 vart det arbeidd fram tre potensielle, tverrfaglege satsingstema for forskning ved fakultetet: "Kollektive gode og marknadsøkonomiske løysingar", "Det fleirkulturelle samfunn" og "Utvikling og globalisering". Universitetet i Oslo inviterte samstundes dei humanistiske og dei samfunnsvitenskaplege fakulteta (HUMSAM) til å kome fram til eit tverrfakultært prosjekt som kunne vera ei strategisk satsing på forskning framover for Universitetet i Oslo. Dei tre nemnde fakultære satsingstema gjekk inn i dei fem HUMSAM-prosjekta det blei arbeidd vidare med hausten 2003. Avgjerdsla om kva for prosjekt UiO skal satse på blir tatt i 2004, likeins SV-fakultetet si oppfølging av egne tema. Psykologisk institutt har og, etter invitasjon, fremja forslag til eit satsingstema; "Helse og livskvalitet". Sjå vedlegg for opplysningar om vitenskapleg produksjon.

Maktutgreiinga blei avslutta

Hausten 2003 avslutta Makt- og demokratiutgreiinga sitt femårige arbeid. På sluttkonferansen i Oslo den 26. august 2003, vart maktutgreiinga sine hovudkonklusjonar presentert og kommentert. Hovudtemaet for utgreiinga har vore vilkåra for det norske folkestyret og endringar i desse. Eit par hundre forskarar har vore involvert i arbeidet, som har vore leia av professor Øyvind Østerud ved Institutt for statsvitenskap. Maktutgreiinga gav ut 50 bøker og 77 rapportar i løpet av perioden. Konklusjonane er



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

presentert i sluttboka "Makten og demokratiet" (Gyldendal Akademisk, 2003) og i NOU 2004:19.

Maktutgreinga, og forskning på makt i Noreg, har fått stor internasjonal merksemd.

Nasjonale fagevalueringar

Institutt for statsvitenskap vart evaluert i 2002, som ein del av evalueringa av den statsvitenskaplege forskinga i Noreg. Resultata var ferdige og vart følgde opp i 2003. Institutt for statsvitenskap fekk ei i hovudtrekk positiv vurdering. Som ei oppfølging vart det i 2003 sett i gong eit NFR-støtta fellesprosjekt ved instituttet: "Politikkens vilkår i det nyliberale samfunn". Også Europaforskningsprogrammet vart vurdert, og fekk ei svært positiv evaluering. Fakultetet har i 2003 førebudd overføringa av dette fagmiljøet til eit senter ved fakultetet frå 01.01.04.

Psykologisk institutt vart vurdert i 2003, som ein del av den nasjonale evalueringa av klinisk, epidemiologisk, helsereelatert og psykologisk forskning i Noreg. Resultat og oppfølging kjem her i 2004.

Kongens gullmedalje

Benedicte Bull blei tildelt Kongens gullmedalje for 2003 for doktoravhandlinga "Aid, Power and Privatisation: Domestic and International Sources of Telecommunication Reform in Central America (1986-2000)."

FORSKARUTDANNING

Doktorgrader avlagt i 2003

37 kandidatar disputerte i 2003. Det er ei tangering av toppnoteringa frå året før. Talet på kvinner som tek doktorgraden har auka vesentleg dei siste åra. I 2003 var for fyrste gong kvinnene i fleirtal, 19 mot 18 menn. Ei oversikt over alle doktorgradane finst i vedlegget til årsrapporten.

Innføring av ph.d.-graden

Som ein del av kvalitetsreforma blei ph.d.-graden innført ved Universitetet i Oslo frå og med hausten 2003. Den første kandidaten ved SV, Olga Ivanova, som også var den første ved UiO, fullførte ph.d.-graden hausten 2003.

Ved SV-fakultetet erstattar ph.d., gradene dr.polit. og dr.psychol, som gradvis vert lagt ned med ein overgangsperiode fram til 2007. Ph.d.-programmet i samfunnsvitenskap ved fakultetet har følgjande studieretningar:

- Sosialantropologi
- Sosiologi



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

- Samfunnsgeografi
- Statsvitenskap
- Psykologi
- Samfunnsøkonomi
- Teknologi, innovasjon og kultur

Fyrste forslag til forskarskular

Etter invitasjon frå universitetsleiinga leverte fakultetet seinhaustes 2003 tre førebels forslag til forskarskular. Om dei kan realiserast avheng mellom anna av om ein finn finansiering.

FORMIDLING

Oppstart av forelesingsserien "Etter Irak: En ny verdensordning i emning?"

25. november 2003 heldt Professor Bruce Russett den årlege Eilert Sundt forelesinga over tema "Finding Peace in a World of Hegemony and Terrorism.". Denne forelesinga markerte også startpunktet for ein forelesingsserie med inviterte gjesteforelesarar som kvar heldt sjølvstendige foredrag over ulike tema knytte til "Den Nye Verdensorden" etter USA sin invasjon av Irak. Den norske tittelen på forelesingsserien er "Etter Irak: En ny verdensordning i emning?".

Markering av fakultetet sitt 40-års jubileum

SV-fakultetet sitt 40-årsjubileum vart markert den 24.oktober. Fredrik Barth heldt jubileumsforelesing over temaet "Lærebygninger og virkeligheter i samfunnsvitenskapene".

ORGANISASJON

Fakultetet arbeidde i 2003 med ny styringsordning ved fakultetet frå og med 2004. Einskapleg leiing på fakultets- og instituttnivå skulle innførast, og fakultetsstyret sine oppgåver blei klårare fokusert mot å fastleggja overordna mål, prioriteringar og strategiar. Samansetninga av fakultetsstyret vart endra: Fakultetsstyret fekk 9 medlemmer, der to var eksterne. Instituttleiarane er ikkje lenger ex officia medlemmer av styret.

Som ein del av kvalitetsreforma er det oppretta programstyre for alle bachelor- og masterprogramma. Fakultetet oppretta også eit studiestyre, som etter kort funksjonstid på slutten av året blei lagt ned som følge av dei andre endringane i organisasjonen.



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTETET

ARENA vert formelt ei eining ved fakultetet frå 1.1.2004. ARENA vert overført frå Noregs Forskingsråd. Fakultetet jobba i 2003 saman med Arena og Noregs Forskingsråd for å få på plass denne overføringa til fakultetet.

Atferdsprosjektet ved Psykologi blei overført til randsona frå 1.7.2003, som det fyrste dotterselskap under Unirand AS.

AREAL

9. oktober vart "Læringscenteret Eilert" opna i 2. etasje i Eilert Sundts hus A. Noko av bakgrunnen for avgjerdsla om å etablere eit læringsressurssenter er at bruken av stille leseplassar har gått nedover. Ein har samstundes sett at trongen til andre former for arbeidsplassar, som til dømes grupperom og plassar med tilgang til PC, har auka. I læringscenteret finn studentane mange av dei tenestene dei treng i studiesituasjonen sin samla på same stad. Med etableringa av læringscenteret har fakultetet fått ei modernisering av studiemiljøet og eit betre tilbod, spesielt for studentar på lågare grad.

I samband med at psykologi flytta til Forskningsveien 3, vart delar av lågblokka (C-blokka) frigjort for annan aktivitet. Etter ei oppussing av lokala flytta Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi inn. C-blokka blei i den samanhengen døypt om til Harriet Holters hus.

Nokre av areala som ligg i nærleiken av studentkjellaren U1 blei i 2003 pussa opp og gjort tilgjengelege for studentforeiningane. Fagutvala, studentutvalet (og enkelte studentpublikasjonar) vart samstundes samla i 2. etasje i Eilert Sundts hus, B-blokka.

STYRE OG LEIING VED FAKULTETET

Dekan: Professor Asbjørn Rødseth

Prodekan: Professor Gunn Elisabeth Birkelund

Fakultetsdirektør: Tove Kristin Karlsen

Assisterande fakultetsdirektør: Johannes Falk Paulsen

Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

Instituttstyrar: Professor Geir Høgsnes

Kontorsjef: Gudleik Grimstad

Institutt for statsvitskap

Instituttstyrar: Professor Per Kristen Mydske

Kontorsjef: Monica Bakken frå 01.01.03 - 17.02.03, Tori Norheim Sandlie frå 17.02.03 - 31.12.03.

Psykologisk institutt

Instituttstyrar: Professor Fanny Duckert

Kontorsjef: Kari Voll



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Sosialantropologisk institutt

Instituttstyrar: Professor Aud Talle

Kontorsjef: Max Demuth

Økonomisk institutt

Instituttstyrar: Professor Ragnar Nymoen

Kontorsjef: Merethe Aase

Senter for teknologi, innovasjon og kultur

Senterleiar: professor Helge Hveem

Avdelingsleiar: Kristin Nordseth

Studie- og programstyre

Jamfør normalreglane for utvikling og drift av studieprogram vart følgjande organ ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet oppretta våren 2003:

Fakultetsstyret oppnemnde 27.03.03 representantar til studiestyret for perioden 01.05.03-31.12.04. Studiestyret er sett saman av:

1. Dekan Asbjørn Rødseth (leiar)
2. To studentrepresentantar:
Neving Rudskjær
Carina Mayer Løseth
3. Professor Ivar Frønes, leiar for tverrfagleg programstyre i kultur og kommunikasjon.
Professor Karl Halvor Teigen, leiar av disiplinært programstyre for psykologi.
4. Professor Aud Talle, styrar ved Sosialantropologisk institutt.
5. Fast vitenskapleg tilsett ved UiO (ikkje fakultetet):
Professor Borghild Roald, Det medisinske fakultet.
Vara: Professor Knut Lundby, Intermedia.
6. Ekstern representant:
Avdelingsdirektør Ingrid Dramdal Rasmussen, Finansdepartementet
- 7.

Studiestyret blei avvikla frå og med 01.01.2004, og erstatta av Forum for studiespørsmål.

MEDLEMMER AV FAKULTETSSTYRET 2003

Medlemmer	Varamedlemmer
Dekan Asbjørn Rødseth Prodekan Gunn Elisabeth Birkelund	
Fast vitenskapleg personale (styrarene): Aud Talle	Marianne Lien - fung. Harald Beyer Broch
Per Kristen Mydske	Hanne Marte Narud



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Ragnar Nymo
Fanny Duckert
Geir Høgsnes

Teknisk/administrativt personale:

Kristin Fossum Stene (01.01.03-31.01.03)
Else Karin Skjønhaug (01.02.03-31.12.03)
Bjørn Magne Forsberg

Mellombels vitenskapleg personale:

Henrik Wiig

Studentar:

Eirik Nedrelid
Joakim Bakke
Carina Meyer Løseth (frå september)
Knut Neving Rudskjær (til august)

Steinar Holden
Odd Arne Tjersland
Jan Hesselberg

1. Øivind Colbjørnsen
2. Anita Kjølrsrud
3. Thomas Walle

1. Kjell E. Kjellman
2. Anne Elizabeth Stie



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

VEDLEGG – HOVUDTAL:

Oversikt over doktoravhandlingane 2003

	Dr.polit/dr.psy chol./dr.art	Ph.d	Dr.philos	Totalt 2003	Totalt 2002
Psykologi	3 (1)		1	4 (1)	7 (4)
Sosialantropologi	1 (1)			1 (1)	6 (5)
Samfunnsøkonomi	7 (2)	1 (1)		8 (3)	11(3)
Sosiologi	10 (7)		4 (2)	14 (9)	4 (2)
Statsvitenskap	4 (2)			4 (2)	7 (1)
Samfunnsgeografi	3 (1)			3 (1)	1 (1)
TIK	3 (2)			3 (2)	1
Totalt 2003	31 (16)	1 (1)	5 (2)	37 (19)	37 (18)
Totalt 2002	34 (17)		3 (1)	37 (18)	

Talet på kvinner i parentes.

DR.POLIT.-GRADEN	
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi: Sosiologi	
Pål Augestad	Skolering av kroppen - om kunnskap og makt i kroppsøvningsfaget.
Jon Bjarne Fixdal	Public Participation in Technology Assessment. An Analysis with Focus on Three European Models for Public Participation and Their Contribution to a Well Informed and Democratic Governance of Technology.
Heidi Gautun	Økt individualisering og omsorgsrelasjoner i familien. Omsorgsmønstre mellom middelaldrende kvinner og menn og deres gamle foreldre.
Anniken Hagelund	The Importance of Being Decent. Political Discourse on Immigration in Norway 1970-2002.
Ragni Hege Kitterød	Min tid, din tid, vårt ansvar? Endring og variasjon i familiearbeidet. Empiriske analyser og drøfting av begreper og målemetoder.
Ulla-Britt Lilleaas	Fra en kropp i ustand til kroppen i det moderne.
May-Len Skilbrei	'Det er er jo bare en husmorjobb'. Ufaglærte kvinner i arbeidslivet.
Hanne Svarstad	Bioprospecting: Global discourses and local perceptions - Shaman Pharmaceuticals in Tanzania.
Pål Veiden	Aspekter av sosial ulikhet.
Randi Wærdahl	Learning by consuming. Consumer culture as a condition for socialization and every day life at the age of 12.
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi: Samfunnsgeografi	



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Thorkel Christie Askildsen	Driving forces in road goods transport development. Re-conceptualisations and implications for explanations.
Ragnhild Steen Jensen	Sted, kjønn og politikk. Kvinners veier inn i lønnsarbeid.
Roar Samuelsen	Constructing urban technology - Producing urban space. The case of geomatics in the transformations of water and road infrastructures.
Institutt for statsvitenskap	
Dan Banik	Democracy, Drought and Starvation in India: Testing Sen in theory and practice.
Frode Berglund	Partiidentifikasjon og politisk endring. En studie av langsiktige partitilknytninger blant norske veiledere, 1965 - 1997.
Wenche Iren Hauge	Causes and Dynamics in Conflict Escalation: The Role of Economic Development and Environmental Change. A Comparative Study of Bangladesh, Guatemala, Haiti, Madagaskar, Senegal and Tunisia.
Hilde Wisløff Nagell	Just Pension.
Sosialantropologisk institutt	
Astrid Andersson	Wogeo landscapes: Place, movement and the politics of belonging in Wogeo, Papua New Guinea.
Økonomisk institutt	
Carl-Andreas Claussen	Four Essays on the Political Economy of Economic Reform.
Harald Dale-Olsen	Payment Policies, Recruitment and Work Turnover.
Leo Andreas Grünfeld	Essays on Multinational firms, R&D Spillovers and Absorptive Capacity Effects.
Ines Hardoy	Effect Evaluation: Methods and Application.
Gang Liu	Four Essays on Transportation-related Issues in China.
Jon Reiersen	Institutions, Norms and Development.
Morten Sjøberg	Papers in experimental economics: Methodology, trading institutions and voting rules.
Senter for teknologi, innovasjon og kultur	
Beate Elvebakk	Virtual Chemistry. A Phenomenological Analysis.
DR.PSYCHOL.-GRADEN	
Psykologisk institutt	
Jens Egeland	Memory and attention in schizophrenia compared to depression: Specificity, mechanisms and heterogeneity.



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Knut Inge Fostervold	Health consequences and behavioural changes associated with work with visual display units (VDU) - An empirical investigation.
Liv Margaret Hedley	The role of cognitive variables in panic disorder with agoraphobia.
PH.D.-GRADEN	
Økonomisk institutt	
Olga Ivanova	The Role of Transport Infrastructure in Regional Economic Development.
DR.ART.-GRADEN	
Senter for teknologi, innovasjon og kultur	
Ingunn Moser	Road Traffic Accidents: The Ordering of Subjects, Bodies and Disability.
Lars Risan	Hva er ei ku? Norsk rødt Fe som teknovitenskap og naturkultur.
DR.PHILOS.-GRADEN	
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi	
Jon Helge Lesjø	OL-saken. En prosess-sosiologisk studie av planlegging, politikk og organisering.
Tove Mordal	Brukertilpasset tjenestekvalitet. En casestudie om forholdet mellom aktørnivåer i barnehagesektoren.
Oddrun Kristine Sæter	Stedsblikk, stedsfortellinger og stedsstrider. En sosiologisk analyse av tre kasus.
Tormod Øia	Innvandrerungdom - kultur, identitet og marginalisering.
Psykologisk institutt	
Anne-Kristine Schanke	Coping with the late effects of polio



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Studiepoengproduksjon 2003 (årseiningar)

	Lågare grad	Mastergrad	Hovudfag	Profesjon	Sum 2003	Totalt 2002
SV-fakultetet felles	97				97	16
Sosialantropologi	323	20	63		407	385
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi	538	65	128		730	560
Institutt for statsvitenskap	509	98	151		757	640
Psykologisk institutt	679			420	1 099	956
Økonomisk institutt	304	84	17	57	461	314
Senter for teknologi, innovasjon og kultur	30	38	1		69	48
SUM	2 480	305	359	477	3 621	2919
Totalt 2002	1887	56	519	457	2919	

Kandidatar som har stått til eksamen – høgare grad i 2003

Ant kvinner i parentes	Master	Cand.polit	Profesjon	Totalt 2003	Totalt 2002
Psykologi			96 (75)	96 (75)	72
Sosialantropologi		33 (24)		33 (24)	46
Samfunnsøkonomi	15 (8)	32 (16)	21 (7)	68 (31)	56
Sosiologi		47 (37)		47 (37)	76
Statsvitenskap		81 (40)		81 (40)	95
Samfunnsgeografi	3	21 (19)		24 (19)	20
TIK	16 (9)			16 (9)	19
Sum	34 (17)	214 (136)	117 (82)	365 (235)	384
Totalt 2002	31 (17)	257 (152)	96 (58)	384 (227)	

Kjelde: DBH-rapporter over kandidatar

Hovudtal i fakultetsrekneskapen for 2003

Alle beløp i 1000 kroner	Totalverksemda	Basisverksemda	Eksternt finansiert verksemd
Overført frå i fjor	(31 689)	(19 906)	(11 783)
Årets inntekter	(281 186)	(230 504)	(50 682)
Investeringar	2 322	2 322	
Totale lønnskostnader	211 349	181 016	30 333
Andre driftskostnader	85 658	61 802	23 839
Resultat for året	18 143	14 636	3 490



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Resultat 2003 (inkl. overført)	(13 546)	(5 270)	(8 293)
---------------------------------------	-----------------	----------------	----------------

Tal i parentes er inntekter/overskot



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Talet på årsverk ved SV-fakultetet i 2003

Tal frå DBH per 1. oktober 2003

Det samfunnsvitenskaplege fakultet totalt	Ordinære stillingar	Oppdragsstillingar	Totalt
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	233,32	50,45	283,77
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	17,2		17,2
Administrative stillingar	73,65	4,8	78,45
Totalt fakultetet	324,17	55,25	379,42

Fordelt på einingane:

Eining	Ordinære stillingar	Oppdragsstillingar	Totalt
Fakultetsadm./fellesavdelingar			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	2,37		2,37
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	5		5
Administrative stillingar	22,4		22,4
Sum fakultetsadministrasjonen/fellesavdelingar	29,77	0	29,77
Sosialantropologisk institutt			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	23,9	6	29,9
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	1		1
Administrative stillingar	5,8		5,8
Sum Sosialantropologisk institutt	30,7	6	36,7
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	42,95	4,8	47,75
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	2		2
Administrative stillingar	9		9
Sum Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi	53,95	4,8	58,75
Institutt for statsvitenskap			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	39,05	0,8	39,85
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	1,2		1,2
Administrative stillingar	9,3	1	10,3
Sum Institutt for statsvitenskap	49,55	1,8	51,35
Psykologisk institutt			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	66,37	12,4	78,77
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	5		5
Administrative stillingar	13	0,8	13,8
Sum Psykologisk institutt	84,37	13,2	97,57
Økonomisk institutt			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	38,68	4,2	42,88
Støttestillingar for undervisning-, forskning og formidling*	2		2
Administrative stillingar	7,6		7,6
Sum Økonomisk institutt	48,28	4,2	52,48
Senter for Teknologi, innovasjon og kultur			
Undervisings- forskings- og formidlingsstillingar	18	21,25	39,25



UNIVERSITETET I OSLO

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

Støttestillinger for undervisning-, forskning og formidling*	1		1
Administrative stillingar	5,55		5,55
Sum Senter for teknologi, innovasjon og kultur	24,55	21,25	45,8
Childwatch international			
Undervisnings- forskings- og formidlingsstillinger			0
Støttestillinger for undervisning-, forskning og formidling*			0
Administrative stillingar		2	2
Sum Childwatch international	0	2	2

- Inkl. ingeniører/avdelingsingeniører

Utrekning av årsverk blir gjort på følgjande vis:

- Årsverk vert rekna som prosentandel av heil stilling (utlønningsprosent) og skal gjenspegla personalsituasjonen per 01.10 det enkelte år.
- Tilsette som har permisjon med løn, vikarar i den permitterte si stilling og andre mellombels tilsette, vert omfatta av rapporteringa.
- Personar som er tilsett på timebasis; timelærarar osv. og personar som er i permisjon utan løn skal ikkje rapporterast i denne tabellen.